

Gros Blomster med utvida opningstid og nydeleg juleutvalg!

16.12.2020



Det er eit vakkert syn som møter kundane når dei kjem til Gros Blomster.

Den flotte og gode blomsterbutikken vår, Gros Blomster, har alltid travle dagar fram mot jul. Hos Gro og dei andre dyktige blomsterdekoratørane i butikken er kundane alltid sikra topp service og beste kvalitet. Fram mot jul møter dei kundane med utvida opningstider og ekstra servicetiltak for å ta omsyn til smitteverntiltaka.



Frå utvalet utanfor butikken kan ein betala med vippa.



Inne i butikken er det mykje fint i dei tradisjonelle julefargane.

Fram mot jul har butikken følgjande opningstider:

- Onsdag 16. des. 9-18
- Torsdag 17. des. 9-18
- Fredag 18. des. 9-18
- Lørdag 19. des. 9-18
- Søndag 20. des. 14-18
- Mandag 21. des. 9-18
- Tirsdag 22. des. 9-18
- Onsdag 23. des. 9-18
- Torsdag 24. des. 9-12

Kundane er svært velkomne til å komme i butikken og sjå alt det fine dei har fått inn både i planter og andre ting no før jul. Vi kan trygt sei at butikken bugnar! Av korona-omsyn kan det henda at dei må begrensa antal kundar inne i butikken om mange kjem samstundes.

Kundar som ønskjer det, kan ordna mykje på telefon (534 71 100). Det er berre å ringja viss ein ønskjer:

- blomar levert heim.
- senda blomar til andre.
- at betjeninga skal setja noko utanfor butikken eller levera det i døra.
- at plantene skal vera klare når du kjem til butikken.

Når kundane ringjer så tilpassar betjeninga deira ønskje. Om ein ønskjer å kjøpa noko av det som er utstilt utanfor butikken, kan ein betala med vipps og skrive melding om kva ein har kjøpt.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland



Dei dyktige dekoratørane har eit utsøkt utvalg av dekorasjonar.